



Skulemusikken i 17.maitoget, på veg gjennom båthamna. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen skulemusikk, som har hatt ei stri økt no med superkonsert og grunnlovsdag, går også i år ut og inviterer bygdefolk til å teikna støttemedlemskap. Det fører ikkje til nokon forpliktelsar, det er ein rein økonomisk støtte til korpset. Difor er det heller ikke sett nokon fast kontingent.

Korpset har no 21 unge og sær s lovande musikantar som held eit høgt musikalsk nivå og som er svært gode ambassadørar for bygda, strekar styret under i eit brev som no er sendt til uskedelingane.

Storkonsertane med Frank Brodahl vart lagt merke til langt utanfor Kvinnherad sine grenser, På Karmøy Brassfestival og sommarkursa vert musikantane frå Uskedalen lagt merke til og tildelt utfordrande oppgåver og korpset er representert i Hordaland Ungdoms Brass Band.

I tillegg til vanlege arrangement er det alltid kjekt å spela 17. mai og i samband med skipsdåp.

Å drive korps er kostbart og dei største utgiftspostane er instrument og instruksjon. Dirigenten Anders Christensen har denne sesongen vore ein sær dugande musikalsk leiar og i tillegg har dei hatt mange gode instruktørar på ulike seminar.

Komande sesong vert jubileumssesong. Då vert det 40 år sidan korpset vart skipa og det skal sjølvsagt markerast på ulike vis.

Av Ola Matti Mathisen